

Bryggefjell



Bryggefjell er den mest markerte delen av Lifjell sett frå Bø. Første delen av turen går over Sletteliberga med panoramautsikt over Bøbygda. Lenger oppe går stien over bratte sva og under berghammaren Brygga, som fjellet har fått namnet sitt etter. Oppe på Bryggefjellnuten (778 moh.) er det strålende utsikt i alle retningar. Det er ikkje tilfeldig at Bø Turlags 20-årsjubileumsvarde blei bygd på denne nuten.

Etter å ha passert Sletteliberga kjem du til Kolahuset der stien deler seg. Stien til høgre går opp mot Bryggefjellnuten. Etter frostnetter kan svaberga du må over, vere isete og glatte!

Rundtur

Ønskjer du å gå ein rundtur, kan du legge tilbaketuren frå Bryggefjellnuten om Tjønnsuldalen. Da kan det passe å ta ei rast ved Skjentjønn før du går ned i Tjønnsuldalen og møte gammal grov granskog og ei blinkande tjørn. Ein kort



Bygging av turlagets jubileumsvarde. (Foto: Arne Hjeltnes)



Skjentjønn til høgre, Bryggefjellnuten bak. (Foto Bergit Li)



Utsikt frå varden mot Bøbygda. (Foto: Arne Hjeltnes)

sidesti fører deg til den nedlagte plassen Ånto. Nede i Langeskora går stien bratt opp til Dingdangkyrkja – ei stor hole under kampesteinar. Det er lagt ut taug for dei som treng noko å halde seg i. Frå Dingdangkyrkja går stien tilbake til Kolahuset og parkeringsplassen.

Dyreliv og blomar

I skogen nedunder toppen lever både elg og rådyr. Av og til syner elgen seg oppe i snaufjellet til glede for turfolket. Orrfugl og tiur kan ein sjå på stille kveldar, og er ein heldig, kan jerpa vise seg. På sørsida av fjellet er det fast hekkeplass for kvitryggspetten – kanskje den einaste i Bø?

Den gule orkideen, søstermarihand, som er Telemarks fylkesblomst – og sjølvsagt freda – kan du om våren finne i full blomst ved Langeskorplassen.

Husmannsplassar

På oversida av Sletteliberga har det vore fleire plassar. Forutan Sletteli var det tri Lieneplassar. Ovafor Kolahuset som vi alt har nemnt, låg plassane Slåtta og Bakken. Nede i Tjønnsuldalen låg Tjønnsdul, Kompånholet, Ånto og Flugopp. Nedst i Langeskora finn vi plassane Langeskor og Langeskorenden

Namnet Kolahuset fortel at trekolbrenning har vore vanleg i dette området.

Turlengd: Tur-retur Bryggefjellnuten ca. 8 km.
Heile rundturen om Tjønnsuldalen ca. 12 km.
Gåtid 3 – 5 timar.

Høgdeforskjell: 450 meter.

Vanskegrad: Tung og krevjande tur. Krev godt fottøy. Etter frostnetter kan svaberga vere glatte.